



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 412-006 OG

Hovdebygda, 29. januar 2015

Prioritert løysing for språksamlingane og Norsk Ordbok

Nynorsk kultursentrum viser til brev og prosjektnotat av 27.11.2014. Styret drøfta saka på ny like før årsskiftet, og i dette brevet gir vi våre avsluttande prioriterte råd i denne omgang. Brevet byggjer på vidare drøftingar i den ordbokgruppa vi etablerte 31.10.2014, der også UiT – Noregs arktiske universitet no er med.

Som før er det Nynorsk kultursentrum som svarar for innhald og konklusjonar. I brevet utdjuvar vi desse fire presiserande konklusjonane:

1. Språksamlingar og ordbøker er svært samfunnsrelevante og i det daglege nødvendige element i eit moderne, skriftbasert kunnskapssamfunn som Noreg
2. Det nasjonale fellesføretaket vi har føreslått, bør bli ei sentral drivkraft i vidare språkforskning og bruk av dei samlingane som finst og dei som kjem til
3. Driftsorganisasjonen må formast ut frå behov for dynamikk, fleksibilitet og samordning. Difor er ei delt løysing den beste, tydeleg og forpliktande knytt til solide vitskaplege miljø.
4. Verksemda må finansierast sikkert og langsiktig uavhengig av dei ordningane i den statlege marknadsøkonomien som finansiering av universitet og høgskular utgjer.

Vårt inntrykk er at eit samla språkvitskapleg miljø stør dei overordna konklusjonane i saka – nasjonalt fellesføretak, robust driftsorganisasjon, langsiktig tiltak for utvikling, bruk og distribusjon av data til forskning i og forvaltning av bokmål, nynorsk og minoritetsspråka. Norsk Ordbok er ganske sikkert det største forskingsprosjektet i norsk humaniora nokon gong. Det som der er skapt av resultat og verktøy, er verdier utvikla for offentlege midlar og må få eit vidare liv.

Nasjonalt fellesføretak kan involvere mange

Vi held fast ved at den nye driftsorganisasjonen bør opprettast som eit nasjonalt fellesføretak i tråd med § 1.4-4 i universitets- og høgskulelova, underlagd Kunnskapsdepartementet i nært samarbeid med Kulturdepartementet, og at Universitetet i Bergen bør vere den institusjonen som tek på seg driftsansvaret.

Dette er eit prosjekt der mange må med, på tvers av institusjonelle, faglege, språklege og språkpoliotiske skilje. At fleire institusjonar og miljø er med, vil vere ein styrke. Då vil ein også gjere det lettare å utnytte erfaringar frå andre typar prosjekt, t.d. det store bibelomsetjingsarbeidet 1998–2011, som også resulterte i store språksamlingar. Dette inneber



arbeidsdeling, og det føreset klare avtalar og ryddige linjer. Modellar for slike løysingar finst mange stader i ulike samfunnssektorar.

Eit nasjonalt fellesføretak kan etablerast utan vanskar og utan omsyn til kva resultatet av strukturreforma i universitets- og høgskulesektoren blir i denne omgang.

Offentleg og demokratisk styring på vitskapleg basis

Språk er ein nødvendig føresetnad for den fellesskapen som finst i eit samfunn. Den norske tradisjonen for språkplanlegging i offentleg regi har gitt eit godt grunnlag for det fleirspråklege samfunnet som Noreg no er, og for den fleirspråklege staten som blei etablert alt i 1885. Ei slik offentleg og demokratisk styring av språk bør førast vidare.

Ein grunnleggjande føresetnad for dette meiner vi er at språksamlingane og ordbokarbeid blir knytt til vitskaplege miljø på to måtar – gjennom lokalisering og langsiktige avtalar. Berre på denne måten kan vi vere sikra at språksamlingane blir allment tilgjengelege for alle typar private og offentlege aktørar, og for dei enkeltmenneska eit samfunn av språkbrukarar utgjer.

I prosjektnotatet av 27.11.2014 framheva vi dei trekka ved språkprosjekt av denne typen som gjer dei særleg samfunnsrelevante. Den samfunnsrelevansen tilseier ei avgjerd ut frå ei vurdering av kva som er den beste faglege løysinga.

Ei overordna leiing for samlingar i endring

Det trengst ei overordna leiing for dei samlingane som finst, og for dei som kjem til. Tiltaket bør difor tuftast på eit vidt samlingsgrep.

Det som finst, må sikrast og ikkje løysast opp. Dei språksamlingane som no er ved Universitetet i Oslo, bør difor som nemnt flyttast til Universitetet i Bergen. I tillegg finst det mange andre større og mindre språksamlingar, ikkje minst samlingar av stadnamn, som blir forvalta regionalt ved ulike institusjonar. Slik bør det framleis vere. Det ville vere ein dårleg idé å føresetje at alt skal samlast ved éin institusjon.

Som regel er der eit klart lokalt engasjement for slike samlingar, og nett som i dei mange museumssamanslåingane det førre tiåret gjeld det å ta med seg dette engasjementet vidare. Vi meiner dette best kan løysast ved at éin vitskapleg institusjon har det samla ansvaret og leier den samordninga som trengst, og som kan tilby digital integrering av lokale samlingar i dei større «sentraliserte» samlingane. Dei fysiske samlingane som no er spreidde, kan vere der dei der. Dette vil vere ei god løysing også i lys av den føresetnaden Noregs forskingsråd nyleg har formulert om ansvaret for lagring og tilgjengeleggjering av alle forskingsdata som blir utvikla med midlar frå forskingsrådet.

Nye typar samlingar vil kome til, og slike blir alt utvikla i ulike miljø. Det meste av dette vil etter kvart vere digitalt materiale alt i utgangspunktet. Desse nye samlingane kjem også til å vere svært viktige for vedlikehald av alle typar ordbøker.

Fysisk arkivadresse blir mindre viktig, men behovet fort samordning vil auke: Der må vere fellesløysingar som alle kan bruke, og nokon må ha ansvaret for at slike fellesløysingar blir utvikla og haldne ved like. Eldre samlingar (tidleg norsk 1500–1800), ordbøker og litterære kjelder må gjerast digitalt tilgjengelege, slik Norsk Ordbok er i ferd med å gjere arbeida av Ivar Aasen og Hans Ross tilgjengelege i det såkalla ordbokshotellet.

På dette området kan mange bruke dei same kjeldene samstundes, og digitale kjelder kan brukast frå mange stader på same tid. Bruk raffinerer materialet ved at nye brukarar kan leggje til og andre sjølve forbetre funksjonalitet eller melde tilbake om funksjonalitet som må vidareutviklast. Difor kan til dømes ordbokredaksjonar finnast fleire stader.

Ei delt løysing er best

Driftsorganisasjonen bør formast slik at ein utnyttar dei sterke sidene ved ulike institusjonar. Universitetet i Bergen har eit breitt samansett språkmiljø, og Høgskulen i Volda har vist seg som ein smidig og effektiv organisasjon.

Den delte løysinga vi har føreslått, utnyttar soliditeten i eit stort universitet og smidigheita til ein høgskule. Vi ønskjer eit nasjonalt fellesføretak som kan prege det vitenskaplege miljøet mange stader. Då er den delte løysinga grunnsolid,

Med ei delt løysing eig fleire miljø i prosjektet. Språkbrukarane finn ein alle stader, jamvel utanfor landegrensene, og kombinasjonen av dialektmangfald, to jamstilte norske språk og eit jamt sterkare vern for samiske språk og nasjonale minoritetsspråk har følgjer for korleis språkressursane best kan forvaltast.

Driftsorganisasjon for dynamisk utvikling

Nynorsk kultursentrum har skissert ein driftsorganisasjon med 16–19 årsverk. Vi merkar oss at ingen seriøse aktørar har sagt at dette er for mykje. Derimot har fleire teke til orde for at det trengst meir.

Det som er viktig no, er å få etablert det nasjonale fellesføretaket med ein solid driftsorganisasjon. Denne må kunne vekse og minke i takt med behova som melder seg. Kva ein treng i 2030, veit ingen i dag. Vedlikehald krev færre årsverk enn utvikling og oppdatering, til dømes av den typen Norsk Ordbok står overfor.

Styresmaktene og prosjekteigaren tok altfor seint innover seg kva som kunne og burde skje, og kva som ikkje måtte skje, då prosjektperioden for Norsk Ordbok 2014 nærma seg slutten. Den same feilen må ikkje gjerast om att for Det Norske Akademis Store Ordbok (NAOB) når dette verket er ferdig om tre år. NAOB har ikkje eigne samlingar, men vil ha bruk for midlar til langsiktig vedlikehald og har varsla at offentlege tilskot må til om ordboka skal bli fritt tilgjengeleg.

Gjensidig språkleg respekt

Vårt grunnsyn er at der er to norske språk i Noreg – bokmål og nynorsk. Desse har mykje felles, men også kvar sine tradisjonar og til dels kvar sine skriftkulturelle system. Nynorsk representerer like lite ei partsinteresse og like mykje ei allmenninteresse som bokmål gjer. Vi har ikkje på noko punkt i denne saka sett nynorsk opp mot bokmål, og det undrar oss at nokon framleis reproducerer argumentet om at no har nynorsken fått sitt. Det argumentet finn ikkje støtte verke i språkfaglege perspektiv eller ei moderne språkpolitisk tenking.

Ideen om Norsk Ordbok kom opp i det tidsrommet då nynorsk gjekk frå å vere eit skriftspråk til å bli ein skriftkultur. Samanhengen mellom tale og skrift blei institusjonalisert ved at ordboka skulle dekkje både dialektar og skriftspråk. Då ideen kom opp, var nok mange på bokmåls- og riksmålssida opptekne av andre spørsmål enn det norske talemåls mangfaldet. Riksmålsvernet oppretta sitt første ordbokutval i 1919, åtte år før ideen om Norsk Ordbok blei lansert i Det Norske Samlaget.

Språksamlingane og Norsk Ordbok inneheld eit omfattande dokumentasjonsmateriale også for talemålsgrunnlaget for bokmål. Dette har stor verdi både for språkbrukarane og dei språkfaglege miljøa. I det indekserte grunnlagsmaterialet for Norsk Ordbok er ordartiklar frå Bokmålsordboka også kopla inn for dei orda der bokmål og nynorsk har like eller liknande former. Dermed er det alt etablert koplingar til tilgjengeleg talemålsmateriale for dei ordartiklane dette gjeld. Det eksisterer altså alt det ein struktur som legg til rette for vidare utvikling av prosjekt og produkt som koplar bokmål og talt norsk.

Vi miner også om at Bokmålsordboka og Nynorskordboka blei utvikla parallelt på grunnlag av dei språksamlingane som då fanst og ikkje minst det arbeidet som alt var gjort med Norsk Ordbok.

Eit ordbokverk for heile bokmålet og heile landet

Vi meiner ambisjonsnivået for bokmål bør vere det same som for nynorsk. Det trengst eit vitenskapleg ordbokverk også for bokmål, og dette verket må dekkje heile denne språktradisjonen utan å vere bunde til eit eller fleire avgrensa språkmiljø på bokmålssida. Tilsvarande dekkjer Norsk Ordbok som kjent ikkje berre alle norske talemål, men også heile breidda i det nynorske skriftspråket.

Det er eit faktum at bokmål finst over heile landet og i mange variantar. Eit forskingsprosjekt for ei vitenskapleg ordbok over bokmål kan utviklast kvar i landet som helst – forskning er forskning og arbeidsspråk er arbeidsspråk. Norsk Ordbok blei utvikla i Oslo, og då kan ei allmenn bokmålsordbok utviklast på Vestlandet. I etableringsfasen for Norsk Ordbok var det få språkfaglege miljø utanfor Oslo. No er det slike miljø mange stader.

Samlings- og ordbokbehov for nasjonale minoritetar

Behovet for ein dynamisk driftsorganisasjon kjem også til uttrykk gjennom dei udekte ordbokbehova som Språkrådet peika på i notatet sitt 10.3.2014.

Innanfor rammene av det Språkrådet har kalla ein samla norsk ordbokpolitikk, vonar vi det blir utvikla nødvendige ordbokverk for nasjonale minoritetsspråk, og for samiske språk. Slike verk må utviklast i nærkontakt med dei aktuelle miljøa, slik det seinast blei gjort med den kvenske grammatikken som no ligg føre.

Korleis den nye driftsorganisasjonen best kan ivareta desse interessene og behova, bør dei aktuelle språkbrukarmiljøa sjølve få høve til å vere med og vurdere. Det var grunnen til at vi ikkje tok opp den sida av saka i prosjektnotatet vårt.

Vår eiga rolle

Det var nødvendig å ta eit formelt og forpliktande initiativ for å sikre vidare drift av noko som er viktig for mange.

Fleire av dei involverte institusjonane er blant stiftarane våre. Vi strekar gjerne under at ingen institusjonar har bedt oss skrive dei inn i ei bestemt rolle i denne saka. Det er Nynorsk kultursentrum som ut frå sin samla kunnskap har føreslått og konkludert, og vi er i denne saka den einaste aktøren utan institusjonelle eigeninteresser.

Det vi skreiv 27.11.2014, står ved lag, med dei vilkåra som der er presiserte. I brev 16.6.2014 bad vi om eit breitt samansett møte om saka. Departementet svarta 30.6.2014 at eit slikt eventuelt møte måtte ein kome attende til. Vi vonar tida snart er inne for det møtet.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm
styreleiar

Kopi

Kunnskapsdepartementet

UiT – Noregs arktiske universitet

Høgskulen i Volda

Universitetet i Bergen

Universitetet i Stavanger

Universitetet i Oslo

Det Norske Samlaget

Språkrådet